

Stiknings-/målearbeid og undersøkingar for kraftleidningar i kommunane Kvinnherad, Etne, Sauda, Vindafjord og Tysvær

Statnett planlegg ei ny leidning til Haugalandet. Som ein del av dette arbeidet varslar Statnett om at det vil pågå landmålings- og planarbeid i tida framover.

Arbeidet vil kunne vedkome grunneigarar, og vil i første omgang bli gjennomført frå oktober 2017 til juni 2018.

Nokre stader kan punkter for ein mogleg leidningstrasé bli markert med stikk i terrenget.

Bruk av ATV og helikopter kan bli naudsynt. Der det er aktuelt å bruke motoriserte terrengkøyretøy til landmålingsarbeidet, vil grunneigaren bli kontakta.

Stiknings- og landmålingsarbeidet vert gjennomført med heimel i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 1.1.2010, §§ 41, 43 og i matrikkelforskrifta § 64.

Eventuelle skader arbeidet fører med seg vil bli gjort opp etter avtale eller ved skjønn.

Spørsmål om arbeidet kan rettast til:

Grunneigarkontakt Nils Petter Kvale tlf. 959 39 857

Prosjektleder Bente Rudberg, tlf. 907 50 280